

# Forskrift om permisjon

Fastsett av Sektorutval for kultur og oppvekst 24.09.24.

## Heimel

Lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd

## § 1 Formål

Denne forskrift skal sikre lik praksis for permisjon i grunnskulen i Ål kommune og gjere regelverket meir føreseieleg for dei som søker og handterer permisjon.

## § 2 Virkeområde

Føresegna gjeld for den offentlege grunnskulen i Ål kommune.

## § 3 Hovudregelen om permisjon

Skulen kan ikkje innvilge ein elev permisjon for meir enn inntil 10 skuledagar per skuleår. Permisjon kan berre gis dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg.

Skulen må gjere ei skjønnsmessig vurdering i kvart einskilt tilfelle av om det er forsvarleg at eleven er borte frå skulen i eit kortare tidsrom. Også der må skulen vurdere om det er forsvarleg å gi eleven permisjon – skulen kan avslå ein permisjonssøknad etter ei individuell vurdering.

Permisjon innvilga av skulen reknast som dokumentert fråvær. Dersom fråværet er av lengre varigheit enn det skulen har gitt permisjon for, vil fråværet reknast som udokumentert.

## § 4 Utskyving av skulen

Dersom foreldra tek eleven ut av skulen i meir enn 10 skuledagar samanhengande, skal skulen vurdere å skrive ut eleven. Dette inneber at foreldra overtek opplæringsplikta. Eleven kan ikkje automatisk vente å bli plassert i tidlegare gruppe/klasse ved tilbakecome.

## **§ 5 Vedtaket**

Vedtaket om permisjon frå den lovpålagte opplæringa er eit enkeltvedtak, og myndigheita er delegert til skulen sin rektor. Rektor kan delegere myndigheita vidare til kontaktlærar ved søknader om permisjon på inntil to dagar. Om ein permisjonssøknad vert avslått, skal alltid rektor fatte vedtaket.

## **§ 6 Unntak**

Skulen kan i heilt spesielle tilfelle gjere unntak frå denne føresegna så lenge fråværet vurderast som forsvarleg.

## **§ 7 Administrative føresegner**

Rådmannen har myndigheit til å foreta redaksjonelle og mindre endringar i føresegn om permisjon frå opplæringa i Ål kommune.

## **§ 8 Verknadstidspunkt**

Denne forskrifta trer i kraft 24.09.24.